sft: Informasjon

TA- 2163/2006

Kontroll med mottak og mellomlagringsplassar for farleg avfall 2006



Våren 2006 gjennomfører fylkesmennene i samarbeid med SFT landsdekkjande kontrollar av mottak og mellomlagringsplassar for farleg avfall. Både private og kommunale mottak blir kontrollerte.

Nye tal viser at om lag 100 000 tonn farleg avfall har ukjend disponering. Jakta på farleg avfall på avvegar er ei prioritert oppgåve for miljøstyresmaktene.

Farleg avfall skal handterast forsvarleg. Farleg avfall på avvegar kan føre til at miljøgifter blir spreidde i naturen, noko som kan føre til skadar på dyr og menneske. Tal viser at 100 000 tonn farleg avfall har ukjend disponering.

Aksjonsstart 19. april 2006
I samarbeid med SFT gjennomfører fylkesmennene ein landsomfattande aksjon retta mot mottak og mellomlagringsplassar for farleg avfall. Aksjonen går føre seg i veke 16–19.

Målet med aksjonen
1. Medverke til å auke kunnskapen om regelverket for farleg avfall
2. Gjere dei som arbeider på mottaksanlegga, meir medvitne om farleg avfall
3. Få oversikt over tilstanden på mottaksanlegga

Kven skal kontrollerast?
Betente mottaks- og mellomlagringsplassar over heile landet skal kontrollerast.

Område i fokus
Aksjonen vil mellom anna rette merksemda mot korrekt deklarering og merking, for eksempel at det blir nytta korrekte EAL-kodar, og at avfall med PCB, avfall med bromerte flammehemmarar og trevirke som er impregnert med krom, arsen eller kreosot, blir behandla på rett måte.

Oppfølging av aksjon i 2004
Resultata frå aksjonen i år vil vise om det har skjedd noka betring i forhold til korleis tilhøva var ved ein tilsvarande aksjon i 2004.

Regelverk
Handtering av farleg avfall er regulert i kapittel 11 i avfallsforskrifta. Rett handtering, deklarering og levering er viktig for å sikre forsvarleg behandling. Krava sikrar at avfallet ikkje kjem på avvegar.

Brot på regelverket
Miljøstyresmaktene vil vurdere reaksjonar på eventuelle brot på regelverket. Alvorlege brot på regelverket kan bli melde til politiet.

Les meir:

SFT www.sft.no
Her finn du informasjon om regelverket, om farleg avfall osv.

Fylkesmennene
www.fylkesmannen.no
Meir om aksjonen i fylka.

Miljøstatus i Noreg
www.miljostatus.no
Her finn du talmateriale og forklaringar knytte til ulike typar av farleg avfall.

Norske renholdsverkers forening
www.nrfo.no

Norsk forening for farlig avfall
www.nffa.no

HMS-etatane (helse, miljø og tryggleik)
www.hmsetatene.no